

## KVA SKJER I BYGLAND? – Oktober 2019

Bygland har mange arrangement å by på for barn og vaksne. Kom og bli med!

DET ER HAUSTFERIE I VEKE 40 – 30. SEPTEMBER – 06. OKTOBER

| | | | |
|---|---|---|---|
| ONS 09.10. | Bygdekinoen; Bygland kulturscene | kl 17:30 | Film 1: Kaptein Sabeltann og Den magiske Diamanten |
| | | kl 19:30 | Film 2: Downtown Abbey |
| TOR 10.10. | Brannvesen og Sivilforsvaret; Bygland sentrum | | Brannøving, Gamle posthuset på Bygland |
| MÅN 14.10. | Bygland bygdekvinnelag; Grendehus Åraksbø | Kl 18 | Flatbrødkurs |
| FRE 25.10. | Bygland kulturscene | Kl 18 | Framsteg4H utstilling |
| | | Kl 19 | Haustfest Framsteg 4H |
| MÅN 28.10. | Bygland bygdekvinnelag; Pakkbua, B-fjord | Kl 19 | Årsmøte Bygland bygdekvinnelag |
| TOR 31.10. | Norsk Forfatterforum; Bygland folkebibliotek | | |

**Arrangement i oktober i Setesdal eller omland av felles interesse:**

FRE/LAU 04./05.10. Valle sentrum: Sauesjå Marknaden I Valle
TOR-SUN 10.-13.10. Byglandsfjord, Revsnes hotell: North Atlantic Native Sheep and Wool Conference
TYS 15.10. Evjemoen kino&scene kl 9-15 – «Utenforskap» Fagdag psykisk helse og rus i Setesdal; arrangør: LMT Setesdal m.m.

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**



# Byglandsnytt Nr.2 - Oktober 2019

## Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no
***Neste utgåve Byglandsnytt: 1. november** - innspel sendes venlegst per e-post innan 25.09.2019*

**Politiske møte, sakspapir og protokollar:** www.bygland.kommune.no/innsyn
Plan, miljø og ressursutvalet: 15.10. kl 12:00
Kommunestyret: 16.10. kl. 18:00
Formannskapet: 30.10. kl 12:00
Streaming kommunestyremøte: http://www.ddsetesdal.no/media/bygland.html
Ver klar over at møteplanen kan bli endra.

**Bygland Kommunestyreval 2019**

Ny ordførar i Bygland kommune: Sigbjørn Åge Fossdal/AP







Kjelde: valgresultat.no

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**




Kjelde: nrk.no

**Kva er det gode lokalsamfunnet?**
Vi vil gjerne høyre kva som er viktig for de som bur, driv næring og ferierer her. Kva for utfordringar og moglegheiter ser vi for kommunen vår? Alle innspela blir nytta inn i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

I vår gav elevane i 5-9. klasse oss innspel til kva dei set pris på i sitt nærområde og kva dei ønskjer skal betrast. Dei godt vaksne kjem i desse dagar med innspel til kva dei meiner er det gode lokalsamfunnet. 75 innbyggjarar har sagt ja til å delta i innbyggjarundersøkinga og det er vi godt nøgde med.

I løpet av oktober blir det invitert til folkemøte i form av kafédialog. Møta varer 2-2,5 time. **Alle er velkomne!** Møta er på følgjande stader :

- Byglandsfjord, Lokstallen – 21. oktober kl. 19-21.30
- Grendi, Skulen – 22. oktober kl. 19-21.30
- Bygland, Kulturscena - 28. oktober kl. 19-21.30
- Ose, Grendehuset (kjellaren) – 29. oktober kl. 19-21.30

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

# Regelmessige arrangement i Bygland kommune

(delvis med unntak i ferier + høgtider; høyr med arrangjøren)

| | | | |
|---|---|---|---|
| Måndagar | Pakkbua/ Byglandsfjord | kl 10:30-14:30 | **Seniorsenter på Byglandsfjord** |
| | Pakkbua/ Byglandsfjord | kl 11-12 | **Gåtur på dagtid** |
| | Byglandshallen | kl 15:30 | **Teppebowls** |
| | Årdalshallen | kl 18 | **Styrketrening (familietrim)** |
| | Årdalshallen | kl 19 | **Fotball for vaksne** |
| annankvar MÅN | Fredheim Bedehuset/Byglandsfjord | Kl 17 | **Barnekoret på Byglandsfjord (7. + 21.10.)** |
| Tysdagar | Bygland frivilligsentral | Kl 11-12:45 | **Praktisk hjelp heime** |
| | Årdalshallen | kl 19 | **Volleyball (tysdagar)** |
| annankvar TYS | Bygland frivilligsentral | kl 12 | **Tysdagskafé (08. + 22.10.)** |
| annankvar TYS | Bygland frivilligsentral | Kl 18-20 | **Bingo (01., 15. + 29.10.)** |
| Onsdagar | Bygland frivilligsentral | kl 14-18 | **Utstyrssentral** |
| | Årdalshallen | kl 16:30 | **Barnetrim** |
| | Årdalshallen | kl 18 | **Styrketrening (damer)** |
| Torsdagar | Byglandshallen | kl 13-15:30 | **Aktivitetskafé med styrketrening** |
| | Årdalshallen | kl 19 | **Volleyball (torsdagar)** |
| 1. og 3. TOR/M | Bygland frivilligsentral | Kl 18 | **Strikkekafé (3. + 17.10.)** |

(Bygland Frivilligsentral - kontakttelefon: 945 10 770)
Aktivitetsplan for Bygland Idrettslag finne du her http://www.bygland-il.no/

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Bygdekinoen – Onsdag 09.10. på Bygland kulturscene

### *Film 1, kl 17:30: Kaptein Sabeltann og Den magiske Diamanten*

**Omtale**

Den livsfarlege jungelfyrsten Maga Kahn og den vonde dronninga Sirikit har endeleg fått tak i den magiske diamanten. Ryktet seier at han kan oppfylla ønske ved fullmåne. Maga Kahn drøymer om å kunna tola sol slik at han fritt kan røra seg ut av den mørke jungelen, men innan måneskinnet kjem blir diamanten stolen av gutungen Marco. Ein rasande Maga Kahn sender alle sine apesoldater ut i jungelen for å jakta på gutungen. Den magiske diamanten må tilbake, koste kva det koste vil!
Samtidig har Pinky slått seg til ro i Kjuttaviga og lever bekymringsløse dagar, medan Sunniva kjedar seg og drøymer om eventyr. Eventyret kjem frå uventa hold når Kaptein Sabeltann og dei meste tiltrudde mennene hans plutseleg dukkar opp. Snart befinner Pinky og Sunniva seg om bord på Den Sorte Dame i eit vanvitig kappløp for å finna den magiske diamanten.




**Billettpris:** NOK 90,-
**Aldersgrense:** alle **Språk**: Norsk

### *Film 2, kl 19:30: Downton Abbey*

**Omtale**

Ventetida er over! Bli med tilbake til Downton Abbey og finn ut korleis det går med favorittkarakterane frå ein av tidenes mest populære Tv-seriar.

Filmen speler ut seg i tidsrommet 1927 til 1929, og Downton får besøk av selveste Kong George V og Dronning Mary. Det kongelege besøket set godset på hovudet, og bringar ei rekke konfliktar og forviklinger til overflata.




**Billettpris:** NOK 110,-
**Aldersgrense:** 6 år

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

### *Kva er 'kafédialog'?*

*Kafédialog er ein arena for dialog mellom innbyggjarar, næringsliv, lag og foreiningar, politikarar og fagpersonar. Vi meiner at dei beste løysingane skapar vi saman. Deltakarane blir fordelt etter eiga ønskje på 5 kafébord. Kvart bord har ein bordvert som introduserer eit tema som blir drøfta. Deltakarane kjem med idear og innspel som blir notert på 'duken' av bordverten. Etter ei avsett tid bytter alle bord og tema. Kaféforma fremjar aktivitet og gjer det mogleg for alle å bidra.*

## Drift og Forvaltning

Det er mange ulike prosjekt på gang. Status på dei mest iaugefallande er som følgjer:

- Grunnarbeidet for bygginga av nytt reinseanlegg og brannstasjon startar måndag 19.08.
- Bygging av ballbinge på Byglandsfjord oppvekstsenter er i god gang. Til uteareala er det også bestilt fleire nye leikeapparat som skal monterast i løpet av hausten. Det vil også skje asfaltering på utvalde stadar på området.
- For utearealet i Bygland barnehage så er det også ulike tiltak på gang. Nytt gjerde, «sykkelsti» for borna og reasfaltering vil skje utover hausten.
- Når det gjeld vedlikehald av kommunale vegar, så kjem Otera til å bytte ut omlag 30 gatelys på Byglandsfjord. Heile Byglandsfjord er då fornya med nye leddgatelys. Dette sparer både for straum – og vedlikehaldskostnadar.
- På Bygland vil lysrekka frå sentrum mot Jordalsbø få nytt leddarmatur og fleire stolpar blir retta og ev bytta dersom dei er for gamle/rotne.
- Det er gjort avtalar med 3 entreprenørar om diverse vegvedlikehald i hovudsak på Byglandsfjord, Bygland og Ose. Grøftereinsk, nedsøkte kummar og reasfaltering har fokus for denne aktiviteten.
- Det er bytta ut mange kommunale trafikkskilt som hadde blitt for gamle.
- Arbeidet med ny kloakkpumpestasjon i rundkøyringa på Byglandsfjord er så godt som ferdig.
- Arbeidet med å montere teleskoptribune i kulturscenen startar i veke 40.

Arbeidet med reguleringsplan for Ose bygdesenter tar lengre tid enn forventa. Arkeologiske utgravingar i sommar har avdekka område som må klårgjerast betre. Planen er viktig med tanke på ny Ose bru i framtida.

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

**BYGLAND BYGDEKVINNELAG – Haustplan 2019/oktober**

**14. oktober: Flatbrødkurs i Grendehuset i Åraksbø kl. 18.00.**
Påmelding innan 7. oktober til Solfrid – 90649462.

**28. oktober: Årsmøte på Pakkhuset på Byglandsfjord kl. 19.00.**
Vi vil markere 80-års jubileet til laget med litt ekstra god mat. Vi må difor ha påmelding til Solfrid – 90649462 - innan 21. oktober.

## Sokneràdsval 2019

Då er val av nytt sokneråd for Bygland og Årdal over og ut frå stemmegjevinga gav det fylgjande resultat i slik rekkefølge:

1. Sigrid Greibrokk
2. Kari Aud Bakke Svenningsen
3. Guro Kvaale Skibsrud
4. Ånund Eldhuset
5. Arve Rauk
6. Marit Taksdal
7. Stian Øina Vestøl
8. Astrid Carlsen
9. Siv Tørresen
10. Torhild Ingebjørg Skomedal Sangesland
11. Christina Ahlsrød Besteland

Dei 6 første går inn som faste medlemmer i det nye Bygland og Årdal sokneråd, dei 5 siste går inn som varamedlemmer i den rekkefølga som står frå nr. 7 til nr. 11.

## Gudstenester og møte

**Gudsteneste**
SUN 06.10. kl 16, Bygland kyrkje
SUN 20.10. kl 16 Familiegudsteneste, Sandnes kyrkje, Åraksbø

**Andakt på Byglandsheimen**
TYS 08.10. kl 14
TYS 22.10. kl 14



**Kyrkjekontoret på Bygland**
Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472; Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Bygland Frivilligsentral

Bygland Frivilligsentral skal vere ein lokalt forankra møteplass, open for alle som vil ta del i det som skjer. Frivilligsentralen skal være ein sentral aktør i lokalmiljøet og koordinere og legge til rette for frivillig arbeid. Han skal stø opp om og utvikle det frivillige arbeidet.

Kontaktinformasjon:
Tlf: 94510770
post@bygland.frivilligsentral.no
Postadresse:
Sentrum 18, 4745 Bygland



**Tilbod**

- Bingo
- Besøksven
- Bygdemiddag
- Evjetur med buss
- Følgjehjelp (doktor/tannlege)
- Gåtur på dagtid
- Lytteven
- Matombringing
- Person/varetransport
- Praktisk hjelp heime hos deg: plenklypp, ved, hauste frukt /bær, strøing, vask
- Rickshawsykkel
- Strikkekafé
- Teppebowls
- Utstyrssentral

## Tømekalender i Bygland kommune

***Papir og Plast***: tysdag, 08.10.
***Matavfall og Glas/Metall***: torsdag, 10.10.
***Matavfall og Restavfall***: torsdag, 24.10.

Gjenvinningsstasjonen på **Nesmoen** har ope:
2. onsdag i månaden 14:00 – 18:00 og 4. laurdag i måneden 10:00 – 13:00.
I Oktober er det: ONS 09.10. kl 14-18 og LAU 26.10. kl 10-13
**Strøsand** kan hentast på Nesmoen i arbeidstida.

**Syrtveit**: fri levering av sortert hushaldningsavfall Tysdag kl. 08.00-14.30. Torsdag kl. 08.00 -19.00 og 2. laurdag i månaden kl.10.00-1300.

***Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS***
post@smg-iks.no www.smg-iks.no Tlf: 37 93 17 00

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**